

---

Saksnr: 2021/28120-1  
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

---

Dato: 08.09.2021

---

Til: Hovudutval for næring  
Frå: Avdelingsdirektør

---

## Høyring om innkjøpsordning for å sikre alle tilgang til internett

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendte i slutten av juni på høyring forslag om innkjøpsordning som skal sikre funksjonell tilgang til internett og telefontjeneste til husstandar og verksemder som manglar anna tilbod om dette. Høyringsfristen var 26. juli 2021.

Her er lenke til høyringen: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-om-innkjopsordning-for-a-sikre-funksjonell-tilgang-til-internett-og-telefontjeneste-til-alle/id2857756/?expand=horingsnotater>

Nasjonalt breibandråd, som er eit fagleg administrativt organ som skal koordinere og fremme synspunkt frå fylkeskommunane i spørsmål knytte til breibandutbygging, sendte på vegne av alle fylkeskommunane svar på høyringa. Høyringssvaret er utforma av Vestfold og Telemark fylkeskommune og Vestland fylkeskommune, og godkjent av dei andre fylkeskommunane før innsending.

Eit av hovudpunktata i høyringssvaret er at ein søkerbasert innkjøpsordning for husstandar og bedrifter som ikkje får tilbod om høghastigheitsinternett, verken gjennom kommersielle tilbod eller via den årlege breibandstøtteordninga, bør forvaltast av fylkeskommunane med teknisk støtte frå Nkom.

Fylkeskommunane overtok i 2020 forvaltningsansvaret for tildeling og utbetaling av statleg støtte som gis til utbygging av breiband i ikkje-kommersielle områder. Fleire fylkeskommunar har i den samanheng valt å plusse på betydelege ekstra midlar frå eigne budsjett til tilskotsordninga. Det er viktig å sjå breibandstøtteordninga, 5G-rabatten og innkjøpsordninga for å sikre alle internetttilgang i samanheng. Den nye innkjøpsordninga bør forvaltast av fylkeskommunane då det vil sikre at viktig innsikt og kunnskap om lokale forhold knytt til topografi, busetting, og dei ulike lokale, regionale og nasjonale aktørane i telekom-marknaden sjåast i samanheng.

Vedlegg: Høring om innkjøpsordning for å sikre alle internetttilgang - Svar fra Nasjonalt breibandsråd